

# Anbefalingar til ungdomsforeldre

## 1. Snakk med ungdomen din

Ha samtalar om konsekvensar av å nytta rusmidlar, slik at det er lettare for dei å ta gode val.

## 2. Våg å vera kjip – set grenser

Ungdomar som veks opp i familiar med klare reglar, drikk mindre og er meir forsiktig.

## 3. Ikkje gje barnet ditt alkohol

Tenåringar som får alkohol av foreldra sine, drikk ikkje mindre. Tvert imot kjem det i tillegg til alkoholen dei sjølv får tak i.

## 4. Snakk med andre foreldre

«Alle andre» får sannsynlegvis ikkje lov. Avtal felles reglar med andre foreldre.

## 5. Ver tilgjengeleg – følg med og følg opp

Avtal innetid og tilby å køyre og hente. Ver tydeleg på at ungdomen kan ringja dersom noko skulle skje.

## 6. Politiet på Voss seier fylgjande:

- Lovverket seier at barn under 15 år ikkje skal opphalda seg på offentleg stad utan vaksne etter kl.22. (Politi-loven §13 2. ledd)
- Ungdom 15-18 år bør ikkje opphalda seg på offentleg stad utan vaksne etter kl.24.
- Barn i barneskulealder bør ikkje opphalda seg på offentleg stad utan vaksne etter kl.20.